

---

**Fra:** Unn Vatso <unn.vatso@enivest.net>  
**Sendt:** 30. september 2020 21:53  
**Til:** Postmottak KMD  
**Emne:** TNA - Referanse 19/2670  
**Vedlegg:** Grotle 1.JPG; Grotle frå Kvernhusvika.png; Ytre Grotle.JPG; IMG\_20160315\_0001.pdf; Bygging i strandsona.JPG; Tundragjess 17 (2).JPG; Naturbase \_ Indre Grotle.html

Til Komunal- og moderniseringsdepartementet.

Ang revidering av statlige planretningslinjer for strandsona.

Ser at Bremanger kommune i Vestland fylke har sone 3, der det vert lettare for kommunane og gi tillatelse til å bygge i strandsona sidan presset er mindre enn i sone 1.  
Sone 1 ligg i dei folketettaste områda av landet og sone 3 ligg der det er minst tett bebyggelse. Det er gjerne i sone 3 det er rikast med fugl, plante og dyreliv, som bør vernast mot utbygging i strandsona. Det er og i sone 3 det er størst av alternative areal å bygge på sidan der bur mindre folk. Sommaren 2020 har vist kva folk som kjem tilreisande, veldig ofte frå områder som er tett befolka, er interessert i . Det har vore mykje folk i strandsona på heile vestlandet denne sommaren. Presset på dei mest sårbare og mest ettertraka områda er aukande. Grotlesanden er ei av Norges vakraste og reinaste urørte badestrender. Det er mykje folk som tek turen ut dit sommar og vinter.

Bremanger kommune held på å lage ny arealplan, den er svært forsinka pga corona og ein plan som må utdjupast grundigare med, etter utspel frå Fylkesmannen. Den er ikkje lagt ut for høyring endå.

Sender med ein del bilder av det vestlegaste området av Bremanger kommune, som de sikkert kan forstå har mange lyst å bygge hytte i dette paradiset. Framlegg til ny arealplan viser at kommunen ønskjer aktivitet, om det betyr at strandsona vert nedbyggt på slike plasser, er av mindre betydning. I den forrige arealplanen var heile Ytre og Indre Grotle verna mot bygging i strandsone eller på nedsida av fylkesvei. Likevel tilet kommunen desse fritidshusa som de ser på bilde »bygging i strandsona». Der må folk som går langs sjøen gå opp i fylkesvegen for å komme forbi. Kommunen gir dispensasjon for bygging i strandsona, DERSOM ingen klagar. Det fører til at få eller ingen av naboane tar den belastninga det er å levere inn ein klage. Det fører til øydelagt naboskap, noko som er svært uheldigt på ein så liten plass.

Dette har eg fått erfart sidan eg anka kommunen sin dispensasjon til bygging i strandsona i 2016, der Fylkesmannen gav meg medhold og byggingtilatelsen vert omgjordt. Svært därleg naboskap etter dette.

No når det er lagt fram forslag til ny arealplan åpner kommunen opp for 3 hytter i same området som fylkesmannen sa nei til i 2016. I tillegg ser naboane i området at det er under planlegging fleire tomter vest om dette området, der det er bygd 3 hytter i byrjinga av 2000 talet. Dette lager presendens i området og det vil føre til nedbygging av eit sårbart området, der det er svært rikt fugleliv, mange rødlista fuglar og planter.

Forstår godt at mange ønskjer fritidseigedom i eit slikt paradis, men dersom mange får bygge her, så vert paradiset øydelagt for alle. Det finst mange tomter vekk frå strandsona i området.

Kommunane skal gjere grundige undersøkingar før dei omgjer eit området i strandsona til tomter, men det har dei fleste kommunane lite med ressurser og kompetanse til, det vert sjeldan gjort.

Kommunen har fleire hyttefelt som ligg i strandsona, som ikkje er utbygd, likevel tilet kommunen spreidd bygging av fritidseigedom.

Det er Miljøavdelinga på fylket som kjenner områda best, dei har ekspertise på naturmangfoldet og korleis presset er på dei forskjellige områda. Når det skal godtakast ny arealplan er det svært mange nye komune-representanter og kanskje ny ordførar som skal setje seg inn i forvaltinga av strandsona, noko ein ser er svært arbeidskrevande, og som kanskje ikkje vert gjort like grundig. Dermed går ny arealplan til avstemning av personer som ikkje ser viktigheita av at strandsona vert rett forvalta. Fylkesmannen har vel ikkje det endelige avgjerda i ein ny arealplan. I ein dispensasjon har fylkesmannen siste ordet, og det bør det også vere i ein ny arealplan.

I ein ny arealplan gjelder ikkje dei same reglane for fylket til å stoppe slik uheldig bygging, der har kommunane mest å sei, slik eg har fått opplyst.

Er svært bekymra for at dette spesielle området som ligg i Sone 3, kan vert nedbygd og fugl og planteliv må vike her og.

Vennleg helsing Unn Vatsø